

**ALVER**

KOMMUNE

planID 125620180002

arkivID 20/171

Ordfører**Føresegner**

(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

**Alver kommune**

Detaljreguleringsplan for

Meland kyrkjegard

Gnr.316, bnr. 37, del av bnr. 2, og gnr. 317, bnr. 16, 18, 19 og del av bnr. 3 og 14 mfl.

Datert 12.4.2019, sist revidert 3.10.2022 i tråd med KDD vedtak datert 27.5.2022

Utval	Dato	ArkivID
1 ghs - UDU – 41/2019	7.2.2019	18/453
2 ghs - KO – 48/2019	25.9.2019	18/453
3 ghs - KO – 025/20	14.5.2020	20/171
4 ghs - KO – 005/21	18.2.2021	20/171
KDD – 22/1232-4	27.5.2022	20/171



§ 1 Arealføremål

Regulert område er synt på plankart i målestokk 1:1000, datert 18.3.2019, sist revidert 10.3.2022. Planområdet inneheld følgjande føremål:

- 1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)**
 - a) Kyrkje/anna religionsutøving (BR)
 - b) Grav- og urnelund (BGU)
 - c) Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund (BNG)

- 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)**
 - a) Veg (SV)
 - b) Gangveg/gangareal (SGG)
 - c) Annan vegg grunn – grøntareal (SVG)
 - d) Parkeringsplassar (SPA)

- 3. Grønstruktur (pbl § 12-5 nr.3)**
 - a) Park (GP)
 - b) Vegetasjonskjerm (GV)

- 4. Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (pbl § 12-5 nr.5)**
 - a) LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)
 - b) LNFR formål kombinert med andre gitte hovudformål (LAA)

- 5. Omsynssoner (pbl § 12-6)**
 - a) Sikringsone: Frisikt (H140)
 - b) Faresone: Høgspenningsanlegg (H370)
 - c) Omsyn naturmiljø (H560)
 - d) Omsyn kulturmiljø (H570)

- 6. Føresegningsområder (pbl § 12-7)**
 - a) Mellombels bygge- og anleggsområde (#1, #2)

§ 2 Siktemålet med planen

Siktemålet med planarbeidet er å leggja til rette for vidare utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Planarbeidet legg og til rette for at det kan etablerast ein ny veg på nordsida av kyrkjemuren. Den nye vegen skal fungera som ein avlastningsveg for bebuarar ved Bjørnestad når det er tilstellingar ved kyrkja.

§ 3 Fellesføresegner for heile planområdet

§3.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

§3.1.1 Universell utforming

Det skal så langt det er mogleg sikrast god tilgjenge til gravplassen. Køyrevegar og gangvegar inne på gravplassen skal utformast slik at dei i størst mogleg grad sikrar tilgjenge for alle. Det skal vere god framkome for bårereprosasjon, publikum og teknisk utstyr til alle gravfelt.



§3.1.2 Estetisk utforming

Ved detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i planområdet skal det leggst vekt på god estetisk utforming tilpassa området sin karakter. Det skal leggst vekt på god terrengtilpassing og tilstrebe løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande landskap og vegetasjon. Det skal sikrast god estetisk kvalitet på gravplassen herunder vegetasjon, veganlegg, bygningsanlegg, gjerder porter mm. Illustrasjonsplan datert 18.3.2019 er retningsgivande for utbygging av området.

§3.1.3 Terrenghandsaming

- a. Alle terrengingrep skal skje mest mogleg skånsamt og tilpassast mot tilstøtande terreng. Overgangen frå ei flate til neste skal ha ei avrunda form og tilpassast landskapet ikring. Støttemurar skal ha ein einskapleg utforming, fortrinnsvis i naturstein.
- b. På gravplassen og utanfor gjerdet til gravplassen (veg- og parkeringsanlegg) skal fyllingar tilstellast og skjeringar skal jordslåast og tilstellast. Utanfor gjerdet skal vegetasjon vere stadeigen. Anlegget skal ha ein parkmessig opparbeiding. Terrengingrep skal generelt minimerast visuelt ved å gje det ein form som verkar naturleg i omgjevnadane.

§3.2 Verneverdiar for kulturmiljø (§ 12-7 nr. 6)

§3.2.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom det ved tiltak i grunnen vert oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeida stansast og kulturvernmyndigheiter i Vestland fylkeskommune varslast i samsvar med § 8 i Lov om kulturminne.

§3.3 Dokumentasjonskrav og særskilt underlag til byggesaksbehandlninga

Illustrasjonsplan datert 18.3.2019 er rettleiande for plan for gravplassen og for gravkart. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak innafør område regulert til grav- og urnelund (oBGU1- o_BGU3) skal det føreligge følgjande:

§3.3.1 Plan for gravplassen jf. § 3 i forskrift til gravferdslova

Plan for gravplassen skal innehalde følgjande:

- a. Oversiktsdel i målestokk 1:500 eller eigna målestokk som viser plassering, grenseliner, terrenghandsaming, trafikkforhold og plassering av nye og gamle gravfelt.
- b. Teknisk del som viser gravfelt med eventuelle særskilte føresegner for gravminne, vegar og driftsareal, bygningar, beplanting, inngjerding, planering, drenering og andre leidningar i bakken, detaljar av gjerde, vasspost m.v. og gravkart.
- c. Ein teknisk del som skal vise utforming av alle oppholdsareal, møblering, belysning, avfallsbeholdarar, overflate typar, parkeringsplassar og gangareal. Plan for gravplassen skal vedtakast av kyrkjeleg fellesråd og godkjennast av bispedømmerådet før tiltak igangsettast på gravplass.

§3.3.2 Gravkart, jf. § 4 i forskrift til gravferdslova

Gravplassen skal delast inn i gravfelt og enkeltgraver. Det skal utarbeidast gravkart for kvart gravfelt på gravplassen i målestokk 1:100. Gravkartet skal vise kvar enkelt grav med nummer (ID) og gje opplysningar om kven som er gravlagt i vedkommande grav, eventuelt i form av ein kode. Planen skal også vise målemerka samt innehalde ei liste over dei koordinatbestemte målemerka /fastmerka.



§3.3.3 Geoteknisk vurdering og tilråding

Det skal føreligge geoteknisk vurdering av områda som skal nyttast til opparbeiding av grav- og urnelund, med særleg vekt på jordbotn med jorddjupne, kornfordeling og grunnvassnivå.

§3.3.4 Handtering av overvatn

Detaljert plan for VA – anlegg inklusiv overvatn og flaumvegar skal vere i samsvar med godkjent VA- rammeplan. Endringar av terrenghøgde over eksisterande vatn- og avløpsleidingar skal godkjennast av VA- avdelinga i Alver kommune.

§ 4 Føresegner for arealformål

§4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr 1)

§4.1.1 Kyrkje/ anna religionsutøving (felt o_BR1 og o_BR2)

- a. Feltet o_BR1 er eksisterande Meland kyrkje. Meland kyrkje er listeført kyrkje frå 1800 talet, tredje kvartal. Bygningane skal bevarast, sjå omsynssone H570_1.
- b. Felt o_BR2 er eksisterande Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909. Innanfor felt o_BR2 er det tillate med vanleg vedlikehald av eksisterande bygg. Bygningen skal bevarast, sjå omsynssone H570_2. Det er tillate å oppføre tilsvarande bygg etter evt. brann eller liknande.

§4.1.2 Grav- og urnelund (felt o_BGU1, o_BGU2 og o_BGU3)

- a. Felt o_BGU1 og o_BGU2 omfattar eksisterande del av gravplassen og felt o_BGU3 omfattar ny del av gravplassen. I alle felta (o_BGU1- o_BGU3) er det tillate med vanleg gravplassaktivitet. Gravplassen skal opplevast heilskapleg og det skal skapast eit godt samspel mellom eksisterande og ny del. Det skal skapast ein samanheng i gravplassanlegget, til døme ved møblering, vegetasjon og materialbruk. Gravplassen skal ha parkmessig opparbeiding i samsvar med gravferdsvedtektene.
- b. Gravplassen skal gjerdast inn og ha porter som kan lukkast.
- c. Oppføring av bygg som har tilknytning til drift av gravplassen kan tillatast. Størleik og materialbruk skal tilpassast kyrkja og gravplassområdet elles.

§4.1.2.1 o_BGU1

o_BGU1 omfattar den eldste delen av gravplassen. Gravplassen med gravplassmur skal takast vare på, sjå omsynssone H570_1.

§4.1.2.2 o_BGU2

o_BGU2 omfattar siste utviding av gravplassen (aust for kyrkja). Innanfor området kan det opparbeidast areal for kistegraver, urnegraver og minnelund og det er tillate å etablere gangvegar, sitjegrupper, vasspostar, beplanting, nye gravfelt og anna som oppfyller intensjonane med føremålet grav- og urnelund.

§4.1.2.3 o_BGU3

- a) o_BGU3 omfattar utvida og ny del av gravplassen som skal opparbeidast i samsvar med plan for gravplass. Innanfor området kan det opparbeidast areal for kistegraver, urnegraver og minnelund og det er tillate å etablere gangvegar, sitjegrupper, vasspostar, beplanting, nye gravfelt og anna som oppfyller intensjonane med utvidinga.



- b) Det skal etablerast ein køyrbar gangveg frå parkeringsplass o_SPA4 og sørover jf. illustrasjonsplan datert 18.3.2019. Denne skal ikkje vere brattare enn krav i gjeldande teknisk forskrift.
- c) Innanfor felt o_BGU3 skal det etablerast minimum 2 og maksimum 3 parkeringsplassar for rørslehemma og ein parkeringsplass til bårebil. Det skal etablerast køyrbar tilkomst til parkeringane med tilkomst frå o_SV2. Plassering er illustrert på illustrasjonsplan som fylgjer reguleringsplanen.
- d) Bygg sør i området skal rivast jf. plankart datert 18.3.2019, sist revidert 3.10.2022
- e) Innanfor felt o_BGU3 kan det etablerast pumpestasjon for dreinsvatn.

§4.1.3 Naudsynt bygg og anlegg for grav og urnelund (felt o_BNG1 og o_BNG2)

Felt o_BNG1 og o_BNG2 omfattar areal til drift. Areala skal utformast slik at dei framstår som ein del av gravplassen. Ved oppføring av bygg skal storleik og materialbruk tilpassast kyrkja og gravplassområdet elles.

§4.1.3.1 o_BNG1

- a) o_BNG1 omfattar eksisterande samt utvida del av driftsavdeling. Det er tillate å oppføre driftsbygg med personalareal/verkstad innanfor byggegrense vist på plankart datert 18.3.2019, sist revidert 3.10.2022. Bygningar skal tilpassast eksisterande bygg knytt til kyrkje og gravplassområdet med omsyn til volum, material og fargebruk. Nye bygningar skal ha saltak. Maks tillat mønehøgde er kote 131 moh.
- b) Det kan plasserast containerar for avfall innanfor feltet.
- c) Det kan lagrast sand og grus innanfor feltet.
- d) Området skal ha køyretilkomst frå o_SV2.

§4.1.3.2 o_BNG2

- a) Omfattar eksisterande driftsområde ved kyrkje/ gravplass. Det er ikkje tillate med utelagring eller plassering av containerar. Området kan nyttast til parkering for tilsette ved kyrkja og av rørslehemma.
- b) Det er tillate å oppføre eit mindre driftsbygg innanfor feltet. Mindre driftsbygg kan plasserast innanfor byggegrense angitt på plankart datert 18.3.2019, sist revidert 3.10.2022. Bygget skal vere tilpassa form og farge på kyrkjebygget.
- c) Området skal ha tilkomst frå o_SV1 slik som i dag.

§4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

§4.2.1 Fellesføresegner

- a) Veger og køyrevegar skal opparbeidast i samsvar med bredde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente tekniske planer (jf. pkt. c).
- b) Avkøyrslar er vist på plankartet. Det er ikkje anledning til å opparbeide andre avkøyrslar enn dei som er vist i plankart datert 18.3.2019, sist revidert 3.10.2022.
- c) Det skal utarbeidast detaljerte tekniske planer for alle nye og endra offentlege vegareal i planen. Tekniske planar skal innehalde bl.a. veglys, overvasshandtering og skiltplan. Planane skal godkjennast av vegmynde før det kan gis rammeløyve for tiltak innanfor planområdet.

§4.2.2 Offentleg veg, o_SV1

o_SV1 skal vere tilkomstveg til kyrkja, til parkeringsplassane o_SPA1 og o_SPA2 og til veg o_SV2.



§4.2.3 Offentleg veg, o_SV2

Ny veg o_SV2 skal vere tilkomst til gangveg o_SGG3, parkeringsplass o_SPA4, til driftsområdet i felt o_BNG1 og til ny gravplass o_BGU3. Vegen skal også vere prosesjonsveg ved gravferder.

§4.2.4 Offentleg veg, o_SV3

o_SV3 er ny avlastingsveg til Bjørnestad, med ny avkøyrse frå fylkesveg 244. Vegen skal opparbeidast med smal breidde og enkel standard for å dempe den visuelle verknaden. Det skal vurderast om vegen kan opparbeidast som ein grasveg. Vegen sin funksjon skal vera som ei avlastningsveg for bebuarar på Bjørnestad når det er tilstellingar i kyrkja. Utforming av vegen skal skje i dialog med Vestland fylkeskommune sin kulturavdeling.

§4.2.5 Veg, SV4

SV4 er eksisterande veg til Bjørnestad.

§4.2.6 Offentleg gangveg /gangareal, o_SGG2

o_SGG2 er eksisterande gangveg mellom kyrkja og felt o_BGU2. Der o_SGG2 møter o_SV1 kan det etablerast trapper for å ta opp høgdeforskjellen. Utover dette skal gangvegen med tilhøyrande murar oppretthaldast som den er i dag.

§4.2.7 Offentleg gangveg /gangareal, o_SGG3

Gangveg o_SGG3 skal være køyrbar og er tilkomst til parkeringsplass o_SPA3, samt gangtilkomst til gravplass felt o_BGU2 og o_BGU3.

§4.2.8 Offentleg gangveg /gangareal, o_SGG4

o_SGG4 er gangtilkomst frå o_SGG3 til o_BGU2 og o_BGU3. Det skal etablerast eit stengsel/ port lengst nord i felt o_SGG4 for å hindre køyring med privatbilar inn på gravplassen. Gangvegen skal vere køyrbar for drift.

§4.2.9 Parkeringsplassar (felt o_SPA1- o_SPA4)

- a) Innanfor planområdet skal minimum 5% av plassane vere utforma og reservert for rørslehemma. Desse plassane skal ha kortast mogleg gangavstand til inngang til kyrkja og inngang til gravplassfelt o_BGU1, o_BGU2 og BGU3.
- b) Parkeringsplass o_SPA1, o_SPA2 og o_SPA3 er eksisterande parkeringsplassar.
- c) Det skal opparbeidast parkeringsplass o_SPA4 i tilknytning til øvre del av gravplass (o_BGU3 o_BGU2). Illustrasjonsplan datert 18.3.2019 er retningsgivande for utforming. Innanfor felt o_SPA4 skal det opparbeidast 1-2 parkeringsplassar for rørslehemma
- d) Innanfor felt o_SPA2 kan det plasserast busstur.

§4.2.10 Anna veggrunn – grøntareal

- a) Innanfor areal sett av til anna veggrunn - grøntareal kan det plasserast grøfter, skjeringar, fyllingar, støttemurar og liknande. Areal skal ha god terrengtilpassing og parkmessig utforming.
- b) Anna veggrunn mellom o_SV3 og o_BGU1 skal opparbeidast som ei buffersone mot gravplassen, med eigna vegetasjon, til dømes hekk.
- c) o_SV2 er prosesjonsveg og skal ha ei parkmessig opparbeiding.



§ 4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

§4.3.1 Fellesføresegner

Eksisterende terreng og vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på for å ta vare på karaktertrekk i området. Vanleg skjøtsel er tillate. Større tre skal kunn fellast av omsyn til tryggleik (fare for trenedfall).

§4.3.2 Offentleg park (felt o_GP1 - felt o_GP5)

- a) Felt o_GP1 og o_GP2 skal opparbeidast som park og vere med på å binde gangveg o_SGG2 til gravplassporten og hovudtilkomsten til kyrkja.
- b) Felt o_GP2, o_GP3, o_GP4 og o_GP5 skal opparbeidast som park med ei tiltalende utforming og markerast som inngangsparti til gravplassen (felt o_BGU2 og o_BGU3).
- c) Felt o_GP3 skal plantast til for å skjerme mot innsyn til driftsområde, felt o_BNG1.

§4.3.3 Vegetasjonskjerm (felt o_GV1, o_GV2)

- a) Felt o_GV1 og o_GV2 skal etablerast med nytt terreng og revegeterast med stadeigen vegetasjon (toppmasse) og fungere som vegetasjonskjerm mot Bjørnstadvegen og skjerme mot innsyn til driftsområde, felt o_BNG1. Illustrasjonsplan datert 18.3.2019 er retningsgivande for utforminga.
- b) Innanfor felt o_GV2 kan det etablerast murer ol. til omlegging av eksisterande bekk.

§4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

§4.4.1 Fellesføresegner for LNFR

- a) Områda skal nyttast til landbruk og næringsverksemd knytt til gardsdrift basert på ressursgrunnlaget på garden (felt L1, L2 og L3). Det er ikkje tillate med oppføring av andre bygningar eller anlegg enn dei som trengst i samband med gardsdrifta.
- b) Innanfor felt L3 kan det etablerast murer ol. til omlegging av eksisterande bekk.

§4.4.2 LNFR formål kombinert med grav- og urnelund (felt o_LAA1, o_LAA2)

- a) Innanfor området kan det setjast opp gjerde og eventuelt portar for å ramme inn gravplassen i felt o_BGU3. Areal innanfor gjerde skal høyre til gravplassen med tilhøyrande føresegner. Areal utanfor gjerde skal høyre til det resterande landbruksarealet med tilhøyrande føresegner.
- b) Sonene skal på best mogleg måte imøtekoma løysing knytt til plassering av gjerde ved detaljprosjektering.
- c) Innanfor sona kan det gjerast inngrep som er naudsynt for god terrengtilpassing og utforming av gravplassen.

§5 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

§5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H140, H370)

§5.1.1 Sikringsone- frisikt H140

I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegars plan. Det er tillate med enkeltelement som ikkje hindrar sikt, til dømes stolpar og tre.

§5.1.2 Faresone- Høgspenningsanlegg – H370

- a) Leidningar innanfor planområde må takast omsyn til.



- b) Alt som skal etablerast innafor byggjeforbodssona skal godkjennast av kommunen og leidningseigar. Det vere seg vegar, forandring av terrengformasjonar m.m. Leidningseigar skal kontaktast dersom anleggsmaskinar skal stillast opp eller nyttast nærmare leidningar enn 30 m.

§5.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone H560 og H570)

§5.2.1 Bevaring naturmiljø H560

Det skal takast omsyn til vegetasjon langs bekk/grøft.

§5.2.2 Bevaring kulturmiljø H570_1

- a) I omsynssona ligg den listeførte kyrkja Meland kyrkje, Id 84933, og tilhøyrande gravplass. Ved vedlikehald og utbetringar skal fasadeuttrykk og konstruksjon takast vare på. Fasade element som vindauge, dører, kledning, taktekkning og overflatehandsaming skal så langt som mogleg takast vare på i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting skal ein bruka same type material som originalt eller tilsvarande. Alle tiltak skal leggast fram for kulturminneforvaltninga, jf. rundskriv T-3/2000 (kyrkjerundskrivet).
- b) Gravplassen sin form, funksjon og inndeling i felt skal bevarast. Gravplassmuren skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperasjon skal ein nytta same material som originalt eller tilsvarande.

§5.2.3 Bevaring kulturmiljø H570_2

- a) I omsynssona ligg gøta (*Gøta er ei gate/ veg med mur på begge sider*) aust for kyrkja og Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909. Ved vedlikehald og utbetringar av Kyrkjestova skal fasadeuttrykk og konstruksjon takast vare på. Fasadeelement som vindauge, dører, kledning, taktekkning og overflatehandsaming skal så langt som mogleg takast vare på i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting skal ein bruka same type material som originalt eller tilsvarande.
- b) Gøta skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperasjon skal ein nytta same material som originalt eller tilsvarande.

§6 Føresegner til føresegningsområde

§6.1 Føresegner til anlegg- og riggområde (område #1, #2)

I samband med gjennomføring av planen kan føresegningsområde #1 og #2 nyttast som anlegg- og riggområde. Det kan i områda gjerast masseflytting, transport og andre anleggstiltak. Areala skal setjast i stand når anleggsarbeida er fullførde.

§7 Rekkjefølgjeføresegner

§7.1 Bruksløyve (felt o BGU3)

Før det vert gjeve bruksløyve for gravplassutvidinga med tilhøyrande trafikkanlegg skal o_SV2, o_SV3, o_SPA4 og SGG3 vera etablert.

§8 Juridisk bindande eller retningsgjevande dokument

1. Plankart datert 18.3.2019, sist revidert 3.10.2022 er bindande.
2. Illustrasjonsplan datert 18.3.2019 er retningsgjevande.